

Islamsk aktivisme i Israel

”Når to menneske står i ein stige, den eine langt oppe og den andre langt nede, korleis kan då hendene deira møtast?”

Nyleg vart den islamske leiaren, sjeik Raed Salah, lauslaten frå israelsk fengsel etter å ha vorte arrestert i ein protest mot arkeologiske utgravingar nær Al Aqsa moskeen på Al- Haram Al- Sharif, eller som jødane kallar staden: Tempelhøgda i Jerusalem. Kva bakgrunn har denne markante palestinararen med israelsk pass, og kva er bakgrunnen for den rørsla han representerer?

Salah kjem frå byen Umm Al Fahm, ein svært tett befolka arabisk by og islamsk bastion i det sokalla triangelet, ein av tre arabisk-dominerte område innanfor den israelske staten. Byen liknar i mykje på byane på den okkuperte Vestbreidda, men i Umm Al Fahm tykkjest livet meir forutseieleg og velordna. Tidleg på 90-talet utmanøvrerte den islamske rørsla kommunistane og nasjonalistane i kommuneleiinga i Umm Al Fahm. Dei har vist seg som dyktige lokalpolitikarar og administratorar og fekk etter kvart mange fleire stemmer ved lokalvalet enn det er islamistar i byen. Som borgarmeister var Salah svært sentral i denne utviklinga. I 2003 vart han fengsla for to år, skulda for ”fientleg aktivitet mot staten”. Konkret gjekk påtalen ut på å ha sendt pengar til familiane til fengsla Hamas aktivistar på Vestbreidda. Då Salah entra rettsalen i Haifa ropte han, i følgje BBC: ”Dette er eit slag mot heile det (israelsk) arabiske samfunnet”.

Kva samfunn hadde han då i tankane? I det britiske mandatområdet var det i 1948 870.000 palestin-arabarar. Etter den arabisk-israelske krigen var det att ca 160.000. ”Ein to tredjedels majoritet vart redusert til ein sjettedels minoritet i Israel”, skriv den jødiske forskaren Shany Payes. I dag utgjer dei arabisk-israelske borgarane knapt 20 % av folkesetnaden, dvs. 1.3 millionar menneske. Som ei nasjonal og etnisk innfødd minoritetsgruppe i ein stat som er både jødisk og demokratisk, nyt dei palestinske borgarane mange av dei same formelle rettane som jødane. Men, skriv Payes: ”Diskriminering mot denne minoriteten er rotfesta i lovverket som styrer eigarskap, tilgang til tenester og mange andre område av det offentlege livet”. Kløfta mellom jødiske og arabiske borgarar er aukande.

Under portforbodet i samband med Suez-krisa i 1956 vart 48 sivile palestinarar drepne av israelsk politi ved byen Kafr Qassem, eit lokalsamfunn oppunder den dåverande grensa til Jordan. Nettopp frå denne byen kjem skiparen av den islamske rørsla i Israel, sjeik Abdallah Nimr Darwish. I 1975 gav han ut boka ”Toward Islam” der han oppmoda om å venda attende

til Islam som ei guddommeleg openberring og eit bolverk mot imperialismen. Darwish skal ha sagt at 1967-krigen var ein militær holocaust men også ei åndeleg gjenfødning som hindra dei israelske muslimane i å verta assimilerte i det israelske samfunnet. Darwish hamna til slutt i israelsk fengsel saman med 60 andre. Han vart rekna som den åndelege leiaren av rørsle (ein posisjon han også har i dag) og fekk 3 års fengsel medan andre fekk opp til 15 år for deltaking i valdelege handlingar.

Medan islamsk politisk aktivitet hadde ovra seg allereie på 1920-talet under det britiske mandatet, markerte seksdagars krigen i 1967 eit vasskilje som for så vidt galdt heile den islamske verda. Det er hevda at nederlaget for Israel er eit kritisk punkt i det personlege og kollektive minne til den arabiske nasjonen og *umma*, det muslimske samfunnet. Nederlaget vart av fleire tolka som eit samanbrot for den sekulære nasjonalismen og den arabiske varianten av sosialisme. Vegen låg open for politisk mobilisering på islamsk grunn.

Den israelske okkupasjonen av den då jordansk dominerte Vestbreidda - og Gaza stripa førte også til at muslimane i Israel fekk tilgjenge til fleire heilage stader, islamske organisasjonar og utdanningsinstitusjonar. Som eit tiltak for å rekruttera eit ansvarleg muslimsk leiarskap, støtta den israelske staten oppretting av det islamske studiesenteret i Hebron. Det har dei nok angra på. Senteret vert i dag sett på som ein viktig bidragsytar til radikal aktivisme. Det var nettopp ved denne institusjonen sjeik Raed Salah frå Umm al Fahm fekk utdanninga si. Ein parallell i israelsk politikk finn me i den støtta regjeringa gav til det nyskipa Hamas som freistnad på å marginalisera Yassir Arafat og PLO. Opninga mot deo okkuperte områda gav også høve til kontakt med den muslimske brorskapen. At det var eit stort potensiale for mobilisering mellom muslimar i Israel, viser m.a. dei 100 privatfinansierte moskeane som vart reiste mellom 1983 og 1993.

Det jødisk-arabiske kommunistpartiet, med eit sterkt innslag av kristne leiarar, stod lenge i brodden for palestinarane sine krav. Dei stod også bak fleire store frontorganisasjonar. Men partiet vart gradvis svekka av indre splittingar og tilbakegang i den internasjonale kommunismen. I dag har dei framleis makt i Nasaret, der dei held fleirtalet i bystyret saman med kristne parti, medan den veksande islamske blokka pustar dei i nakken.. Eit moment som truleg også spora veksten i den islamske rørsle i Israel, var framgangen til den jødiske religiøs-politiske rørsle Gush Emunim, ei rørsle som gjekk sterkt inn for å etablera busetjingar på den okkuperte Vestbreidda.

Sidan seint på 80-talet har den islamske rørsle i Israel vore djupt kløyvd i spørsmålet om deltaking i val til den lovgjevande forsamlinga i Israel, Knesset. I 1996 kom det til ei formell splitting av rørsle, i ei nordleg og ei sørleg grein. Sentrale i denne ideologiske striden

er nettopp sjeikane Darwish og Salah. Då Darwish, som også var innom kommunistpartiet i tidleg ungdom, hadde sona straffa skipa han saman med fleire av sine medinnsette ein meir moderat organisasjon, som tydeleg forkynte viljen til å arbeida innanfor israelsk lovverk. Raed Salah med bakgrunn i lokalpolitisk suksess i Umm Al Fahm og sjefs-organisator av rehabilitering av Al Aqsa moskeen og andre muslimske heilagdomar, følgjer ei meir uforsonleg linje. Han er viljug til å samarbeida med israelske styresmakter på lokalplanet, men oppmodar til boikott ved nasjonale val. Dette er teologisk-politisk begrunna: Koranen dannar det einaste grunnlaget for konstitusjonell autoritet, og denne kan ikkje erstattast av ei sekulær lovgjeving, og i alle fall ikkje av eit sionistisk styre. Då eg intervjuar Salah for nokre månader sidan, stilte eg spørsmål om korleis han ser på tilhøvet mellom jødar og arabarar i Israel i dag. Han svara då med eit bilete: ”Når to menneske står i ein stige, den eine langt oppe og den andre langt nede, korleis kan då hendene deira møtast?” Kjennarar av den islamske rørsle stiller spørsmål om den på sikt ynskjer ei form for autonomi innanfor eller utanfor den israelske staten. Det omfattande velferdsapparatet dei byggjer opp *kan* tyda at dei på eit kvart slags vis ynskjer å stå på eigne bein.